

STYREPROTOKOLL

Tysdag 20. februar 2024 heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Siv Bente Stople Østbø.

MØTESTAD:	Tysvær rådhus, kantina
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 16.00 – kl. 18.00
STYREMEDLEMMER SOM MØTTE:	Siv Bente Stople Østbø, Astri Furumo og Ernst Morgan Endresen
VARAMEDLEM SOM MØTTE:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Odd Gunnar Høie
INNKALLING:	Godkjent
SAKSLISTE:	Godkjent

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 01/24 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 06.12.23

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå styremøte i HKS IKS den 06.12.23 blir godkjent.

Styrehandsaming 20.02.24:

Astri Furumo informerte om at datoen for styremøtet i mars ikkje passa for henne. Styret blei samd om å endre møtedato til onsdag 20. mars.

Styret hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak 20.02.24:

Protokoll frå styremøte i HKS IKS den 06.12.23 blir godkjent.

Dato for styremøtet i mars blir endra til 20.03. (21. mars utgår).

SAK 02/24 REGNSKAPSRAPPORT PR. 31.12.23

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret tar regnskapsrapport pr. 31.12.23 for HKS IKS til orientering.

Styrehandsaming 20.02.24:

Styreleiar kommenterte rekneskapsrapporten. Resultatet for 2023 viste eit meirforbruk, som i all hovudsak var knytt til auka pensjonskostnader. Rekneskapsfører hadde kommentert resultatet og gitt ei forklaring på nokre av tala.

Dagleg leiar kommenterte dei auka pensjonskostnadane og viste til informasjon frå KLP om forventna kostnad for 2024.

Styret drøfta rapporten og slutta seg til dagleg leiar sitt framlegg til vedtak.

Samrøystes vedtak 20.02.24:

Styret tar regnskapsrapport pr. 31.12.23 for HKS IKS til orientering.

SAK 03/24 ÅRSOPPGJER 2023 OG UTKAST TIL ÅRSMELDING FOR 2023

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret godkjenner utkast til årsmeldinga slik den ligg føre (med evt. endringar/tillegg).

Styret godkjenner årsrekneskapan 2023 for HKS IKS slik det ligg føre med eit årsresultat på minus 46 162 kr.

Styret vil gjere framlegg om at årets underskot vert dekkja inn av selskapet sin eigenkapital.

Styrehandsaming 20.02.24

Styreleiar og dagleg leiar kommenterte årsoppgjeret og framlegg til årsmelding. Styret støtta styreleiar sitt framlegg om ei tilføyning i vedtaket om at meirforbruket skyldast ei ekstraordinær auke i pensjonskostnadar.

Den signerte årsrapporten blir sendt til KPMG AS for revidering. Saka kjem opp att i neste styremøte saman med revisjonsmeldinga.

Samrøystes vedtak 20.02.24

Styret godkjenner utkast til årsmeldinga slik den ligg føre.

Styret godkjenner årsrekneskapan 2023 for HKS IKS slik det ligg føre med eit årsresultat på minus 46 162 kr. Det negative resultat skyldast i all hovudsak dei ekstraordinært høge pensjonskostnadene.

Styret vil gjere framlegg om at årets underskot vert dekkja inn av selskapet sin eigenkapital.

SAK 04/24 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

1. Dagskonferanse i Sandnes 18.01.24
2. NKRF konferansen 2024 på Gardermoen i januar/februar
3. Folkevalgopplæring på Solstrand Hotel i februar
4. FKT sin Sekretariatskonferanse på Gardermoen i mars
5. Fakturering av tilskudd for 2024 – frå IKA IKS
6. Oversikt over medlemmer av representantskapet 2023 - 2027

Styrehandsaming 20.02.24

Dagleg leiar orienterte. Han fortalte om dei ulike konferansane. Det hadde vore fleire kontrollutvalsmedlem med på alle samlingane. Styret meinte det var viktig å halde seg fagleg oppdatert og oppmoda sekretariatet til å delta på kurs/konferansar.

Styremedlemmene kom med kommentarar undervegs og dagleg leiar svara på spørsmål.

Samrøystes vedtak 20.02.24

Referatsakene 1 - 6 blir tatt til orientering.

SAK 05/24 STATUSOVERSIKT PR. FEBRUAR 2024

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Statusoversikt pr. februar 2024 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 20.02.24

Dagleg leiar informerte om arbeidssituasjonen ved sekretariatet. Det blir gjennomført møter i alle kontrollutvala no i januar/februar.

I tråd med tidlegare praksis hadde dagleg leiar henta inn pris på revisjonsoppdraget for selskapet. Styret og representantskapet vil handsama val av revisor som eigen sak.

Han forklarte at det ikkje var noko nytt i «IKA-saken» og at styret vil få ei sak om arkivsituasjonen i neste møte.

Styret og dagleg leiar drøfta status for anskaffing av saks- og arkivsystem. Styret meinte at selskapet burde anskaffa eit slik system. Det vil bidra til å sikre god sakshandsaming, godt samarbeid med eigarkommunane, gode saksdokument til utvalsmedlemmene og sørge for at arkivet blir sikra på ein god måte. Styret meinte at kostnaden kunne leggjast inn i budsjettet for 2025 og økonomiplanen for 2025 - 2028.

Dagleg leiar vil sende brev til valkomiteen og be dei starte opp sitt arbeid, slik at dei har ei innstilling klar til styremøtet i mars.

Representantskapsmøtet er planlagt til 22. april. Dagleg leiar har varsla representantskapsmedlemmene om datoen.

Samrøystes vedtak 20.02.24

Statusoversikt pr. februar 2024 blir tatt til orientering.

YMSE

Ingen saker var meldt eller blei tatt opp.

Neste styremøte: onsdag 20.03.24, kl. 16.00.

Aksdal, 20.02.24

Siv Bente Stople Østbø
Styreleiar

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar